

Årsmelding 2015

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøtet 2014 vart halde i Borstova og på Gløyp 10.11.14.

Det møtte 21 medlemmer. Årsmøtesakene vart halde i Borstova og matsserveringa på Gløyp.

Program : Amalie Kinsarvik Tvilde underheldt med toradarspel.

Etter at årsmøtesakene var gjennomgått , vart det god servering frå vertskapet på Gløyp.

Elin Liland Skår hadde sagt frå seg vervet som styremedlem etter 18 år. Ho fekk velfortent takk og gåve av leiaren.

Styret for 2015 vart slik samansett :

Leiar : Helene Olsen
Nestleiar : Aslaug Hauge Utne
Kasserar : Audhild Buddenbaum
Skrivar : Jorunn Nornes Opedal
Styremedlem : Anne Karine Brandt
Leiar for skuleringssaker : Gudbjørg Grønsdal

Ansvarleg for laget si heimeside : Gudbjørg Grønsdal

Varafolk :
1. Torhild Krogh Larsen
2. Gudrun Mæland
3. Trine Hilstad

Valnemnd : Torhild Krogh Larsen, Elin Liland Skår

Turnemnd : Margrete Øvstedal , Anne Karin Brandt

Revisorar : Kari Ystanes , Ingrid Sekse

Laget har dette året hatt 35 medlemmer. 8 medlemmer har meldt seg ut , og 8 har meldt seg inn. Kontingenten for 2015 vert no kravd inn sentralt og er kr. 630 ,-, av desse går kr 130 til HBK. Laget har ikkje høve til å sponsa medlemmene slik som tidlegare. Men me tek ikkje kaffipengar / loddpengar på medlemsmøta , og sponsar ein del av utgiftene til mat på årsmøtet.Laget krev heller ikkje lokal kontingent.

Styret har hatt 8 møte og ein del kontakt via telefon og e-post.. Laget har hatt 8 medlemsmøte , innkludert 2 bakedagar , og har skipa til eller delteke i 5 arrangement.

Arrangement som laget har skipa til eller har delteke i :

1. Kulturkveld på Hardangertun 13.04.15.

Dette var eit ope møte og mange hadde funne vegen til Hardangertun denne kvelden. Me hadde fått fleire til å underhalda. Først ut var Else Marie Sandal.

Ho tok utgangspunkt i temaet : Heim. Ho viste bilete til tekstar ho las.

Deretter fekk me song og spel av 3 små jenter frå Stronda , Sara og Nora Lutro og Elin Kleist Winnerstad.

Eit messingensemble frå Ullensvang skulemusikklag underheldt med feiande , flott korpsmusikk under leiing av Torbjørn Dagestad.

Under maten dukka to «bakstekoner « frå Bråvoll opp, eit morosamt og godt framført revyinnslag av Sissel Opheim og Anita Bråvoll. Me avslutta kvelden med diktlesing. Reidar Karlsen las sjølv laga dikt , og Aslaug Hauge Utne las dikt av Olav H Hauge.

2 Kakedag ved Borstova 20.06.15.

Utlodding , auksjon og salg av krotakaker , anna bakverk og plantar.I tillegg selde me kaffi , saft og kaffimat. Kakedagen er ei årleg tilstelling etter fleire dagar med bakedugnad i eldhuset.

Sjølv om det var fleire arrangement andre stader samtidig , møtte det ca 60 personar.

3 Bygdekvinneireif i Ulvik 20.09.15.

Ulvik Bygdekvinneirelag i samarbeid med HBK var tilskiparar. 3 medlemmer frå laget vårt møtte. Me fekk omvisning på Hardanger Saft og Siderfabrikk og på Syse Gard. Me fekk smaksprøvar og servering av mat begge plasser. Elles orienterte leiaren i HBK litt om arbeidet dei driv.

4 Samarbeid med Kinsarvik skule om krotekakebaking.

Laget meiner det er viktig at dei unge får kjennskap til gamle mattradisjonar. Derfor har me kvar haust ein dag i eldhuset , der elevar frå 7. klasse får prøva seg på baking. 12 kjekke og blide elevar møtte opp. Kakene vart gode , og alle fekk smakebitar med seg heim. Det vart noko deig til overs , og av den bakte me kaker til Bråvolltunet.

5 Matsservering ved stordugnad i Fjordahallen.

Laurdag 7. nov. var nokre av medlemmene med og serverte mat til ein dugnads- gjeng. Elles har me stilt opp med kaffimat til andre dugnadskveldar og.

Medlemsmøta laget har hatt gjennom året:

1 Adventsmøte. 08.12.14.

Medlemmene hadde bede med seg gjester.

Program : Erika Alnæs las eit stykke av Jo Tenfjord.

Torhild Krogh Larsen viste oss korleis ein flettar jolekorgjer. Me hadde ikkje gløymt kunsten , så dei fleste fekk det til.

2 Temamøte 12.01.15.

Me hadde også denne kvelden bede med oss gjester.

Leiaren frå HBK , Margunn Hauso snakk rundt emnet : Er bygdekvinnelaget noko for deg?

Ho hadde eit inspirerende og godt innlegg. Dette resulterte i at me fekk 4 nye medlemmer denne kvelden.

Anna program : Trond Instebo , Magnus Opedal og Åsmund Årvik underheldt med song og spel. Dei hadde plukka ut mindre kjende viser av Alf Prøysen. Me fekk høyra historien bak desse.

3 Møte på Broto saman med asylsøkjjar /innvandarkvinner 09.02.15.

Tema for kvelden var: « Norsk og internasjonal mat». Gunn Berit Beck hadde fått nokre av damene til å laga mat på førehand. Den norske maten var blautkaker som innvandarkvinnene pynta. Etter maten fekk me både afrikansk song og dans. Elin Skår spela på toradar , og me tok oss ein svingom etter norsk musikk. Også denne kvelden fekk me nye medlemmer.

4 Fellesmøte med Ringøy / Bu Bygdekvinnelag 09.03.15.

Ringøy / Bu Bygdekvinnelag var inviterte denne kvelden.

Ordrdførar Solfrid Borge kom å snakka om aktuelle tema i heradet. Ho kom inn på følgjande : Kommunereforma ,verksemnder som er i fare for å verta nedlagt, vegprosjekt, trafikksikring og den nye barnehagen i Kinsarvik.Denne kvelden vart det servert gomme i tillegg til anna god mat. Gommen hadde vorte kokt på eit «minikurs «nokre dagar på førehand.

5 Turmøte til Reisæter 28.05.15.

Den årlege vårturen gjekk i år til Reisæter på Vestsida. 20 damer møtte opp på ferjekaien i Kinsarvik i skodde og regn. Me køyrde via Odda til Reisæter. Der oppe tok Åse Reisæter i mot oss i « gamlestova ». Ho fortalde litt om seg sjølv og drifta på garden. Me fekk servert god betasuppe , kaker og kaffi.Turen gjekk vidare til Bleie, der me var innom gardsutsalget i det nyresturerte stabburet til Oddveig og Jon Reisæter. Nokre drog no heim , andre køyrde til Hardanger Folkemuseum , der me såg utstillingane før me tok ferja heim.

6 Bakedag i eldhuset ved Bråvoll 16.06.15.

7 Bakedag i eldhuset ved Bråvoll 17.06.15.

8 Temamøte 12.10.15.

Temet for kvelden var : « Norsk frukt og bær », som er NBK sin råvareaksjon for 2014/2015. Hege Lutro frå «Lutro In Vitro » kom for å snakka om produkta sine.

In Vitro tyder «i glas » og det namnet passa godt for det var mykje i glas ho hadde med seg. Alt frå granskuddgele til sylta laga av aroniabær. Me fekk smaksprøvar og dei som ville , fekk høve til å kjøpa. Til kaffien vart det servert frukt og bærrettar og i tillegg kunne me ta med oss oppskrifter heim.

Flyktningekonsolent Gunn Berit Beck bar fram takk for hjelp og støtte laget har vist asylsøklarar og innvandrarar.

Andre aktivitetar.

1 Samarbeid med Frivillighetsentralen i heradet.

Medlemmer har delteke i strikkekafe/sosialt samver ein dag for veka på Broto.

2 Tiltak tilknytta asylsøklararar/innvandrarar.

2 gonger har eldhuset vore nytta som «Ope Hus» for innvandrarar og asylsøklarar , for å gjera lokale baketradisjonar kjende for dei , og for å gi dei ei avveksling i kvardagen. Dei har og vore med på medlemsmøte. (nemnt tidlegare) 2 innvandrarkvinner har meldt seg inn i laget , det set me pris på.

3 Damer på tur.

I tilknytning « Friluftslivets år » har laget skipa til 6 ulike turar i nærmiljøet kvar onsdag i sep.- okt. Her kunne andre enn medlemmer også vera med. Det har møtt ca 10-12 personar kvar gong.

4 TV-aksjonen.

Laget deltok som børsberarar.

5 Loddsal for HBK.

Laget har delteke i loddsal for HBK. Me selde 1 bok. Halvparten av loddsalet gjekk til laget.

Gjennomførde kurs :

1 kurs i flatbrødbaking-5 deltakarar.

3 kurs i krotakakebaking -10 deltakarar

1 kurs i gommekoking – 5 deltakarar

Innkjøp til laget :

1 herrebunadsskjorte til utleige.

3 dukar til Borstova.

Løyvingar og gåver:

Vennemynten kr 185,-

Hårteigen 4 H ca kr 600,- (fruktkorger)

Hjelpefondet kr 500, -

Ullensvang Skulem.l ca kr 600,-(fruktkorger)

Stønad til blærescennar ved Bråvolltunet- kr 5000,-

Gevinst til HBK sitt lotteri kr. 300,-

Saldoen som sto på « Bygdahuskontoen » er overført til ein konto som Fjordahallen disponerer på kr 137000,-

Utsendingar til møte :

Årsmøte i HBK på Voss - 2 utsendingar

Møte med styringsgruppa for fleirbrukshallen- 2-3 utsendingar.

Til utleige : Brure- og brudgombunad og konfirmantbunader til gutar.

Vevstove: Laget disponerer eit rom i Borstova til vevstove.

